

**Fra:** Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

**Sendt:** 14.06.2021 00:10:28

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til fylkesordføreren - fylkestinget juni 2021

**Vedlegg:**

Spørsmål til fylkesordføreren - prisregulering tannhelsetenester

I dag gruar mange seg til å gå til tannlegen, ikkje berre av frykt for hol i tennene, men også av frykt for utgiftene. Det burde ikkje koste meir å gå til tannlegen enn å gå til legen. Fleire parti meiner det er behov for å tette dette holet i velferdsstaten og utvide velferden med ei tannhelsereform, der fleire kan få behandling i offentleg regi og at tannhelse blir ein del av folketrygda. Dette vil både ta tid, koste pengar, men kan også skje på ulikt vis.

Fylkestinget har i dette tinget ein revisjonsrapport om tannhelsetenesta til handsaming, og i fylkesutvalet i førre veke vedtok eit fleirtal å auke takstane/timesprisen for spesialistbehandling basert på tilråding i PWC- rapporten «Gjennomgang av økonomisk bærekraft og tjenestenivå» ved TkVestland.

I påvente av at tannhelsereforma er ferdig, er to forslag på vegen å innføre eit tak på kostnader ved naudsynt tannhelsebehandling og å innføre regulerte tannhelseprisar.

Spørsmål til fylkesordføreren

- I PWC rapporten kjem det tydeleg fram at det er svært vanskjeleg å samanlikne kostnadsnivå og prisenivå mellom dei ulike kompetansesentrene i Noreg, både basert på manglande informasjon, men også ulik prispolicy. Tilrådinga i rapporten er å auke prisen basert på avdekt underskot. Fleire parti ønskjer å auke den offentlege tannhelsetenesta, og eit naturleg tilleggsspørsmål da er i kva grad ein har høve til å redusere prisane eller regulere prisane innan tannbehandling i dag? Er det til einkvar tid den offentlege tannhelseklinikken sin eigen produktivitet, altså i kor stor grad klinikken går med underskot eller overskot som avgjer om prisenivået for tannhelsetenester er innanfor eller utanfor statstøtteregulativet?
- Finnes det noko nasjonalt eller offentleg prisoversikt/grunnlag/referanseverktøy som kan fungere som underlag for å avgjere det riktige prisenivået for spesialistbehandling, men også vanleg tannhelsebehandling i dei offentlege tannhelseklinikane?
- Eit forslag i PWC rapporten er at TkVestland aukar tilbodet sitt til betalande pasientar. På kva måte kan den fylkeskommunale offentlege tannhelsetenesta auke sitt tilbod til betalande pasientar, og samtidig kunne ha politiske vedtak knytt til låge eller regulerte prisar? Og i kva grad er det mogleg å gjere fylkesvise forskjellar innan dette feltet?

Marthe Hammer (SV)

Last ned [Outlook for iOS](#)